


**SELJORD**



**HANDLINGSPLAN**

**FOR**

**UNDERVISNINGSSSEKTOREN**

**I**

**SELJORD KOMMUNE**

**2007 – 2011**

Vedtatt i Seljord kommunestyre 6. september 2007 i sak 053/07.

# **MÅL NEDFELTE I KOMMUNEPLAN FOR SELJORD**

## **Samfunnsmessige mål**

**Hovudmål 1: Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.**

- Seljord skal ha trygge og inkluderande lokalsamfunn.

## **Mål for tenester**

**Hovudmål 4: Seljord kommune skal utvikle gode service- og tenestefunksjonar i samspel med innbyggjarane.**

- Grunnskulen skal arbeide for å stimulere elevane til samfunnsengasjement, gje dei kunnskap, gode arbeidsvanar og god framferd.
- Barnehagane skal ha høg kvalitet og vere ein bevisst lokal kulturberar der barna skal oppleve ein kvardag fylt med omsorg, humor, leik, læring og sosialt samvær.
- Skulefritidsordninga skal vere eit tilbod prega av leik og sosial læring for alle barn i den aktuelle aldersgruppe.
- Kulturskulen skal utvikle elevane sine kunstnariske og skapande evner og oppmuntre til meningsfylt fritidsaktivitet.
- Barnehage- og SFO-tilbudet skal dekkje etterspørsel og i størst mogeleg grad vere tilpassa eit fleksibelt arbeidsliv.

# HANDLINGSPLAN 2007 – 2010

## **1. FELLESTILTAK.**

*1.01 Styringsstrukturen må tilretteleggjast slik at den er tenleg for den tenesteyting sektoren skal stå for.*

Tiltak:

- Det skal vere eit godt samarbeid mellom det politiske og administrative nivå i sektoren.
- Det skal vere ei rasjonell funksjonsfordeling basert på skriftleg delegering.
- Det skal stillast krav til dokumentasjon av behovet for og kvaliteten av tenestene.

*1.02 Det økonomiske grunnlaget for sektoren må sikrast, og ein må ha ei effektiv utnytting av ressursane.*

Tiltak:

- Planverk, budsjett og resultatvurdering gjennom årsmeldinga skal vere basis for økonomistyringa.
- Den einskilde avdeling skal ha stor råderett over tildelte ressursrammer.
- Det bør gjennomførast rasjonaliseringsvurderingar av ulike innsatsområde.

*1.03 Ein må leggje vekt på ein god balanse mellom internasjonalisering og lokal identitet.*

Tiltak:

- Lokale kulturtradisjonar skal ha ein sentral plass i barnehage og skule.
- Barn og unge må få kunnskap om dei tekniske og verdimesige sidene ved den teknologiske utviklinga.
- Toleranse og forståing for andre kulturar må ha ein sentral plass.

*1.04 For å kunne imøtekome samansette hjelpebehov hos einskilde barn og unge, må ein tilretteleggje tverretatlege og tverrfaglege tiltak.*

Tiltak:

- Inngåtte samarbeidsordningar må følgjast opp.
- Det blir utvikla eit formelt samarbeid mellom barnehagen og helsetenesta.
- Det må skje ei utviding av samarbeidet mellom skulen og helsetenesta slik at skulehelse-tenesta får ein sterkare preventiv funksjon.
- Det skal vere faste rutinar for samarbeid ved overgangen mellom barnehagen og barneskulen, og mellom barneskulen og ungdomsskulen.
- Det vert inngått samarbeidsavtale mellom skulane og barnevernet etter modell av avtala innan barnehageområdet.
- Det kommunale kriseteamet blir nytta når situasjonen krev det.
- Kulturskulen sin kompetanse bør utnyttast i dei andre avdelingane i sektoren.

1.05 *Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar og forskrift om internkontroll skal vere grunnlaget for eit systematisert HMS-arbeid både overfor barna i barnehagen, elevane i skulen og dei tilsette.*

Tiltak:

- Bygningane skal vere godkjende i tråd med forskrift for miljøretta helsevern.
- Eit funksjonelt internkontrollsystem med utgangspunkt i forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar og forskrift om internkontroll, skal vere grunnlaget for eit systematisk HMS-arbeid.
- Det skal utarbeidast årlege handlingsplanar for å rette opp eventuelle feil og manglar som kjem fram i vernerundane.

## **2. GRUNNSKULEN.**

2.01 *Innhaldet i undervisninga skal samsvare med mål og hovudmoment i læreplanen.*

Tiltak:

- Læreplanen skal vere den viktigaste arbeidsreiskapen for det pedagogiske personalet.
- Undervisninga skal vere tufta på det verdigrunnlaget som er nedfelt i formålsparagrafen.
- Skulane skal utarbeide lokale læreplanar for fag der måla er konkretisert på kvart årssteg.
- Undervisninga skal ha tydeleg målfokus og læraren skal synleggjere læringsmåla for kvar enkelt av elevane.
- Undervisninga skal vere inkluderande og fremje toleranse og respekt for ulikskapar.

2.02 *Undervisninga må leggjast opp etter eit mangfald av arbeidsmåtar.*

Tiltak:

- Alle skulane skal stimulere elevane til å utvikle eigne læringsstrategiar, samt auke nysgjerrighet og lærelyst ved å variere arbeidsmåtane.
- Opplæringa skal leggje til rette for sjølvstendig arbeid og fordjuping.
- Elevane må få sterkare medverknad, både med omsyn til eigne val og ansvar.
- IKT skal brukast som eit verktøy til å variere undervisninga og gje elevane nye innfallsvinklar til lærestoffet.

2.03 *Den einskilde elev skal få ei undervisning som er tilpassa eleven sine evner og føresetnader.*

Tiltak:

- Tilpassa opplæring skal vere berande i heile opplæringa.
- Tilpassa opplæring skal skje ved at alle elevane får god fagleg, sosial og personleg utvikling.
- Det skal skipast spesialundervisning for elevar som etter sakkunnig vurdering har rett til slik undervisning.
- Spesialundervisninga skal i størst mogeleg grad leggjast opp slik at elevane får undervisning i klasse eller gruppe.
- Det bør skje ein overgang frå individbasert spesialundervisning til grupperelatert tilpassa opplæring.
- Den enkelte skule bør vurdere leksehjelp som eit tiltak.

*2.04 Opplæring i norsk, engelsk og matematikk skal ha særskilt prioritet i Seljord grunnskule.*

Tiltak:

- Alle skulane i kommunen skal ha konkrete opplegg for lesestimulering.
- Det skal vere ei systematisk oppfølging av kartleggingsprøver i lesing.
- Det skal undervisast i engelsk heilt frå første årstrinn.
- Seljord ungdomsskule skal ha matematikk som eit prioritert undervisningsfag.

*2.05 Skulen skal ivareta elevane sitt omsorgsbehov og sørge for at dei føler seg trygge på skulen.*

Tiltak:

- Kvar skule skal ha ein plan for haldningsskapande arbeid.
- Elevane skal opparbeide forståing for andre menneske og ulikskapane skal vere ei styrke for skulemiljøet og samhandlinga.
- Skulane skal ha særskilte tiltak mot mobbing.
- Fysisk aktivitet skal vere ein del av eleven sin daglege skulegang.
- Den sosialpedagogiske funksjonen til skulen må ivaretakast.
- Skulemiljøet skal tilretteleggjast for elevar med ulike funksjonshemmingar.

*2.06 Innhaldet i undervisninga skal tilpassast lokale tilhøve.*

Tiltak:

- Dei lokale læreplanane for fag skal gjennomgåast for å ta med lokalt innhald.
- Det bør gjennomførast undervisningsopplegg som fremmar samarbeidet mellom skulen og lokalsamfunnet. Ein bør i særleg grad legge vekt på nyskaping og entreprenørskap.

*2.07 Digitale ferdigheitar skal vere ein naturleg del av opplæringa.*

Tiltak:

- Alle elevar i Seljord skal få IKT-opplæring i tråd med felles plan for IKT i grunnskulen i Seljord.
- Digitale ferdigheitar skal integrerast i alle fag.
- Skulane skal leggje til rette for at elevane til ei kvar tid kan nytte seg av digitale hjelpemiddel for å innhente kunnskap og gjennomføre arbeidsoppgåver.

*2.08 Vurderingsarbeid skal vere ein sentral del av skulen si verksemd.*

Tiltak:

- Skulebasert vurdering skal gjennomførast både konsentrert om den einskilde skule og samla for alle skulane i kommunen.
- Ved all vurdering skal det liggje føre skriftleg dokumentasjon. Dokumentasjonen bør på litt sikt kunne samlast i digitale mapper.
- Skulane skal gjennomføre prøver på ulike årstrinn i samsvar med sentrale føringar (nasjonale prøver).
- Alle skulane skal delta på "Elevundersøkinga" kvart år.
- Skulane skal gjennomføre lokale kartleggingsprøver og bruke desse resultatane til å utvikle skulen som læringsinstitusjon.

## *2.09 Samarbeidet mellom skule og heim må byggje på tillit og kommunikasjon.*

### Tiltak:

- Skulen skal vere pådrivar og syte for at eit godt og formalisert foreldresamarbeid blir iverksett.
- Foreldredeltaking i skulen sine råd og utval må gjevast eit meiningsfullt innhald.
- Annankvart år bør det gjennomførast brukarundersøking med elevar og foreldre.
- Skulane må legge opp til minst to foreldrekonferansar kvart skuleår.
- Skulane skal ta i bruk digitale verktøy (Fronter) for å betre kommunikasjonen med heimane.

## *2.10 Personalet i skulen, utstyr, læremidlar og lokalitetar må ha god kvalitet.*

### Tiltak:

- Kommunen må gjennomføre rekrutterings- og personalutviklingstiltak som sikrar høg fagleg og pedagogisk kompetanse og kvalitet på personalet.
- Alle lærebøker og andre læremiddel skal ha ein høg fagleg standard.
- Skulane sitt inventar og undervisningsutstyr må kompletterast i tråd med krava i læreplanen, og slik at tilpassa opplæring blir ivaretatt.

## *2.11 Samarbeidet internt innan grunnskulen, mellom skulane og med kommunen, må sikrast.*

### Tiltak:

- Rektormøta må utviklast som forum for pedagogisk debatt.
- Kommunen skal vere ein ressurs for skulane også i det pedagogiske arbeidet.
- Det skal opprettast faggrupper på tvers av skulane for å styrke det pedagogiske utviklingsarbeidet i kommunen.
- Det skal gjennomførast kommunale fellesmøte eller kurs for lærarane minst ein gong pr. år om pedagogiske spørsmål av felles interesse.
- Skulane skal samarbeide for ei mest mogleg heilskapleg opplæring i kommunen. Ein bør arbeide med felles skuleutviklingstiltak.

## **3. SKULEFRITIDSORDNINGA.**

### *3.01 Skulefritidsordninga skal vere eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod til barn i 1. – 4. klasse i Seljord kommune. Verksemda skal vere prega av leik og sosial læring med høve til deltaking i kulturaktivitetar.*

### Tiltak:

- Leggje tilhøva til rette slik at alle som ønskjer tilbod i skulefritidsordninga i Seljord kommune i 1. – 4. klasse, kan få dette også i framtida.
- Halde oppe eit fleksibelt tilbod til brukarane.
- For å halde oppe kvaliteten vil ein vidareføre at pedagogisk leiar for skulefritidsordninga skal ha pedagogisk utdanning.
- For å samordne ressursane og gje betre arbeidstilhøve for tilsette vil ein kombinere stillingar i skule, barnehage og skulefritidsordning. Dette fører til større stillingar og færre vaksenpersonar å forhalde seg til for brukarane.
- Det må vere tid til samarbeid for personalet mellom skule og SFO.

## 4. BARNEHAGEN.

4.01 *Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen gir mål og retningslinjer for innhald og oppgåver til barnehagen og skisserer barnehagen sit samfunnsmandat. På dette grunnlag skal Seljord kommune ha ei einhetleg barnehageverksemd.*

Tiltak:

- Pedagogisk plattform for barnehagane i Seljord skal vere nedfelt i lokal rammeplan.
- Lokal Rammeplan må reviderast jamleg i tråd med nasjonal Rammeplan og endringar i lokalsamfunnet.
- Årsplan for den enkelte barnehage blir utarbeidd med utgangspunkt i nasjonal og lokal rammeplan
- Det blir utarbeida ein felles mal for årsplanane.
- Barnehage og skule har ein plan for overgang frå barnehage til skule. Planen skal jamleg reviderast.

4.02 *Det heilskaplege læringsynet der omsorg, leik og læring er sentralt, skal stå i fokus i barnehagane i Seljord. Barna sin kvardag skal vere fylt med omsorg, humor, leik, og sosialt samvær.*

Tiltak:

- Nasjonal og lokal rammeplan skal vere grunnlaget for arbeidet.
- Rammeplanen sine sju fagområde speglar eit breitt læringsfelt. Alle læringsfelte skal arbeidast med.
- Arbeid med IKT i barnegruppene skal implementerast i barnehagane.
- Barnehagane skal vere formidlarar av lokal kultur.
- Kulturskulen skal ha eit tilrettelagt opplegg for alle barnegruppene.
- Det skal vere eit systematisk arbeid med språkutviklinga til det einskilde barn.
- Det skal vere systematisk språkstimuleringsiltak til barn som ikkje har norsk som morsmål.
- Personalet må vere bevisst at dei er rollemodellar og medverkar gjennom eigen veremåte til barna si læring og sosiale ferdigheter.
- Barnehagane skal vere organisert slik at barna skal få tid og rom for leik ute og inne.
- Barna skal oppleve formelle og uformelle læringssituasjonar kvar dag og oppleve gode relasjonar med andre barn og vaksne.

4.03 *Barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon og medverke til å utjamne sosiale forskjellar.*

Tiltak

- Barnehagen skal støtte barna ut frå deira egne kulturelle og individuelle føresetnader.
- Barnehageopphaldet skal vere tilpassa det einskilde barnet sitt behov.
- Spesialpedagogiske tiltak må setjast inn tidleg.
- Det må gjennomførast kompetanseheving av personalet i høve til kunnskap om barn frå andre kulturar
- Ein må arbeide for auka personalressursar til immigrasjonspedagogikk.
- Barnehagane skal tilby sunn og næringsrik mat.
- Barnehagane skal tilby gutar og jenter like muligheiter til å bli sett, høyrte og tatt omsyn til.
- Barna skal vere ute i skog og mark. Dei eldste barna skal ha tilrettelagt fysisk aktivitet.

#### 4.04 *Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd.*

##### Tiltak:

- Personalet skal møte det einskilde barn med respekt, tillit og anerkjening.
- Personalet sitt syn på barn og barndom vil ha konsekvensar for korleis personalet forstår barn sin medverknad. Slike tema må difor systematisk bli drøfta i personalgruppene.

#### 4.05 *Barnehagane skal ha høg kvalitet*

##### Tiltak:

- Det skal vere 2 pedagogar på 18 plassar.
- Barnehagane skal halde fram med fagtreff og pedagogmøte
- Barnehagane skal ha arenaer for systematisk refleksjon og vurdering av eigen praksis, yrkesutøving og kultur.
- Det må gjennomførast kompetanseheving i personalgruppene i samband med implementering av ny Rammeplan.

#### 4.06 *Systematisk vurderingsarbeid skal legge grunnlag for barnehagen som ein lærande organisasjon*

##### Tiltak:

- Det blir utarbeida vurderingsverktøy for barnehagane
- Foreldresamtalar, barnesamtalar og medarbeidersamtalar skal brukast systematisk, også som eit vurderingsverktøy.
- Personalmøte, foreldreråd og samarbeidsutval skal brukast som arena for vurdering.

#### 4.07 *Barnehage til alle som ønskjer det*

##### Tiltak:

- Det blir oppretta så mange barnehageplassar som kommunen har bruk for.
- Barnehagane skal gje eit fleksibelt tilbod som ikkje går ut over kvaliteten.
- Barnehagane skal tilpassast slik at dei kan ta imot barn over og under 3 år på ein fleksibel måte.

## **5. KULTURSKULEN.**

#### 5.01 *Kulturskulen skal realisere kravet i Opplæringslova om eit musikk- og kulturskuletilbod og målsetjinga i vedtektene for Seljord kulturskule.*

##### Tiltak:

- Barn og ungdom i Seljord må få gode vilkår for eit rikt kulturliv og å utvikle skapande evner og anlegg på det kulturelle området.
- Kulturskulen skal gje opplæring på instrument, song og andre kulturaktivitetar.
- Kulturskulen skal vere eit kulturpedagogisk servicesenter i kommunen i samarbeid med andre aktørar.

### *5.02 Regionsamarbeid om lærarkrefter.*

#### Tiltak:

- Kulturskulen har samarbeid med andre kommunar om tilbod og lærarkrefter.
- Det vert utvikla eit opplegg for kompetanseutvikling for musikkskulelærarane i regionen.
- Det vert lagt opp til faste møter mellom kulturskulane i Vest-Telemark, der ein samarbeider om lærarkrefter og kompetanseutvikling.

### *5.03 Utvikling av kulturskulen.*

#### Tiltak:

- Det blir tilrettelagt tilbod innan kulturaktivitetar ut over det som omfattar musikk.
- Det skjer ei styrt innlemming av kulturtilbod som i dag er utanom kulturskulen.
- Auke graden av samspel på tvers av instrumenta.
- Utvikle tilbod innan IKT og lydproduksjon.
- Utvikle tilbod for vaksne til sjølvkost.

### *5.04 Etablering av ein fast tilhaldstad for kulturskulen.*

#### Tiltak:

- Det blir samarbeid med Granvin om kulturhus og aktivitetar.
- Ein samlar kulturskulen sine aktivitetar i Seljord sentrum på Granvin kulturhus.
- Det kollegiale samhaldet skal vidareutviklast gjennom ein fast tilhaldsstad.

### *5.05 Auke kulturskulen sine ressursar til innkjøp av undervisningsutstyr.*

#### Tiltak:

- Rammene til innkjøp av undervisningsutstyr til kulturskulen blir utvida.
- Oppgradere utstyret i kulturskulen, spesielt med tanke på IKT-baserte tilbod.
- Arbeide for sambruk av instrument og ressursar på Granvin.

### *5.06 Prioritering av den lokale folkemusikken.*

#### Tiltak:

- Kulturskulen vil bygge vidare på dei aktivitetane ein har etablert og som er godt profilert.
- Utvide talet på elevar som får opplæring i kveding.

### *5.07 Ein må arbeide for at kommunen skal stimulere det lokale utøvarmiljøet slik at dette også kan kome kulturskulen sine lærarar til gode.*

#### Tiltak:

- Kultur- og næringssektoren tilrettelegg stimuleringsiltak for lokale kunstnarar.
- Ein skal arbeide for at kommunen sine arenaer for utøving vert bruka.

## 6. VAKSENOPPLÆRINGA

6.01 *Vaksne innbyggjarar med rett til opplæring skal få eit tilbod.*

Tiltak:

- Det blir informert om rettane på kommunen si heimeside.
- Elevar med særskilde behov får eit tilbod organisert av teneste for funksjonshemma.
- Innvandrarakar får eit tilbod tilrettelagt av vaksenopplæringa.

6.02 *Vaksenopplæringa skal i samarbeid med flyktingtenesta innfri innvandrarakar sine lovfesta rettar til undervisning i norsk og samfunnskunnskap og tilby arbeidsinnvandrarakar og andre med behov for den same type undervisning.*

Tiltak:

- Undervisninga skal vere i samsvar med læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar.
- Testresultata ved språkprøve 2 og 3 skal vere betre enn landsgjennomsnittet.
- Kommunen vidareutviklar samarbeidet med politiet, NAV og helsevesenet.
- Flyktingkvinner i omsorgspermisjon bør også få tilbod om tilrettelagt undervisning.
- Kommunen sikrar tilstrekkeleg tal på språkpraksisplassar i kommunal regi.
- Trafikkunnskap skal etablerast som fag på norskkurset.
- Kommunen gir tilbod om undervisning i norsk og samfunnskunnskap så langt råd for grupper som ikkje har rett til undervisning, til dømes arbeidsinnvandrarakar.